




Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

Nordhordland lensmannskontor v/Margunn Grasdal
Postboks 33
5902 ISDALSTØ



Ber om nytt val - medlemar til forliksrådet - Lindås - Meland - Modalen - Forliksråd 2017 -2020

Fylkesmannen i Hordaland viser til vår oppnemning av medlemar til felles forliksråd for Lindås, Meland og Modalen, datert 13.12.2016.

I oppnemninga vart medlemene oppnemnt i følgjande rekkefølge:

Medlemar:

1. Ørjan Evald Kristiansen (leiar, Meland)
2. Nina Stabel Øvreås (Lindås)
3. Laila Bjørge (Lindås)

Varamedlemar:

1. Marit Kristin Nygård Nese (Modalen)
2. Siri Forde Flatøy (Meland)
3. Geir Follesøe (Lindås)

I etterkant av oppnemninga er vi blitt orientert om at rekkefølgja på medlemene ikkje er i samsvar med kommunestyra sine vedtak jf. domstollova (dl.) § 57.

Med heimel i dl. § 58 ber vi om at kommunestyra føretak nye val slik at rekkefølgja vert fastsett slik dl. § 57 bestemmer. Eventuelt at kommunestyra godkjener ovannemnde rekkefølgje.

Vi ber elles om at aktuelle representantar vert spurta på førehand om dei ynskjer å stille som medlem eller varamedlem for gjeldande periode. Forliksråda har ei viktig og krevjande oppgåve. For at dei skal kunne løyse oppgåva, er det derfor viktig at det vert valt personar som på alle måtar er skikka, under dette at dei er motiverte for vervet.

Felles forliksråd for Lindås, Meland og Modalen for perioden 2017-2020 er ikkje avgjerdsdyktig før det ligg føre ei ny oppnemning frå Fylkesmannen.

Med helsing

Hilde Rasmussen Nilsen
seniorrådgjevar

Marte Ruvang Karlsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Modalen kommune	Postboks 44	5729	Modalen